



Notat

Til:

Kopi til:

Saksbehandlar: Karl Johan Stadsnes

Vår referanse: 19/431 - 26 /

Dato: 18.06.2021

Godkjenning av VA-plan for F 21

Etter føresegner til kommunedelplan for areala kring Nysætervatnet, og lokal forskrift om utslepp frå separate avlaupsanlegg skal det for gjeldande planområde utarbeidast ein overordna vass- og avlaupsplan. Planen skal gi ein oversikt over eksisterande tilhøve, og sikre at eksisterande vass- og avlaupssystem ikkje vert bygde ned. Planen skal og vise planlagde nyanlegg, samt gi dokumentasjon vedkomande eksisterande vassforsyningsanleg.

Overordna VA-plan for F 21 vert vurdert etter lokal forskrift om utslepp frå separate avløpsanlegg i Sykkylven kommune.

Rettsleg grunnlag

Det overordna heimelsgrunnlaget for vass- og avløpsplanen for felt F21 er *Kommunedelplan for areala kring Nysætervatnet* (planID 15282013001) pkt. 2.1 og 2.3 i føresegnene. Plan- og bygningslova krev at reguleringsplan blir utarbeidd der det mellom anna går fram av kommuneplanens arealdel, jf. plan- og bygningslova § 12-1 andre ledd. Gjennom reguleringsplan kan det settast av planformål for vass- og avløpsanlegg og leidningstrasear for dette, jf. plan- og bygningslova § 12-5 andre ledd nr. 1 og nr. 2. Til desse planformåla kan det settast omsynssonar og føresegner, jf. §§ 12-6 og 12-7.

Kommunen har i *Forskrift av 17 juni 2013 nr. 881 om utslepp frå separate avløpsanlegg, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal* § 6 første ledd stilt krav om utarbeiding av overordna vass- og avløpsplan i tettbygde hytte- og bustadområde. Dette gjeld innafor sone 1 område i kommunen. Fjellsætra er merka som sone 1, sjå kartvedlegg til forskrifta. Føresegna i § 6 første ledd i forskrifta er ei tilvising til systemet etter plan- og bygningslova. Den lokale forskrifta om utslepp frå separate avløpsanlegg er gitt i medhald av forureiningslova § 9 og forureiningsforskrifta § 12-6 og vil gi heimel til å kunne stille nærare forureiningsmessige krav i ein vass- og avløpsplan.

Føremålet med ein vass- og avløpsplan er å sikre at eksisterande drikkevasskjeldar ikkje blir ureina, og at eigna område for vassforsyning og lokal avløpsreinsing ikkje blir bygd ned, jf. § 6 tredje ledd i lokal forskrift. Etter fjerde ledd i føresegna skal vass- og avløpsplanen innehalde:

- Kartfesta oversikt over eksisterande drikkevassbrønner + brønntype, både innanfor reguleringsplanen og i område nedstraums som kan bli påverka av den planlagde utbygginga.
- Dokumentasjon av eksisterande vasskvalitet basert på vassprøver.



- Kartfesta oversikt over eksisterende avløpsanlegg, anleggstype og utsleppspunkt.
- Kart som syner til planlagde vass- og avløpsløyser, med omtale av løysingar og grunngeving for val av løysingar.
- Risikovurdering av eksisterende og planlagt vassforsyning som følgje av utbygging og nye avløpsløyser.

Planlagde anlegg. Vassforsyning.

Det er lagt opp til 3-4 nye grunnvassbrønner som vil bli etablert innanfor hytteområdet. Nøyaktig plassering og kva antal det er behov for vil bli bestemt etter befaring og prøveboringar saman med leverandøren av grunnvassbrønnen. Det vil vere aktuelt å etablere tankar i samband med borhol/pumpehus for å sikre jamn forsyning, og for å auke kapasiteten for kvart borhol. Brønnane skal ikkje koplast til nye hytter før det er lagt fram dokumentasjon på at vasskvaliteten er tilfredsstillande. Dimensjon for vassleidningar vert bestemt når ein ser kapasiteten frå kvart borhol, og kor mange hytter som kan forsynast frå kvar brønn.

Avlaup

Det er under arbeid planar om offentleg VA-anlegg for området kring Nysætervatnet. Planane er at anlegget skal sørge for at avlaup frå hytteområdet blir samla opp og reinsa/fjerna for å sikre at miljøet i området ikkje vert forureina. Når offentleg avlaupsanlegg er etablert vil det i medhald reglane i plan- og bygningslova bli tilknytningsplikt for nye og eksisterende fritidsbustader. Innanfor planområdet er det planlagt VA-system med stikkleidningar til kvar tomt, både eksisterende og nye tomter. Avlaupsleidningane vil bli ført ned til sætrevegen, endeleg tilkoplingspunkt til offentleg samleledning vil bli bestemt når traseen for denne leidningen er fastlagd. Hovudleidningar for spillvatn vil bli PVC-leidningar med dim. Ø160, og med Ø110 inn til kvar hytte. Det skal etablerast felles reinseanlegg for reinsing av avlaup frå hyttene. Det er lagt opp til 3 nye reinseanlegg, jfr. kartdelen. Reinseanlegg skal stette krav til fullreinsing, og prosessvatnet frå anlegg RA1-RA2 skal førast til Sætervatnet, prosessvatn frå RA3 kan førast til Tjønneelva. For felles reinseanlegg må det kunne dokumenterast at reinseeffekten vert tilfredsstillande og ved periodar med lite bruk. VAKartet viser aktuelle plasseringar for felles reinseanlegg. Reinseanlegg kan byggast ut gradvis i modular, om valgt løysing tilrettelegg for dette. Dokumentasjon for vald avlaupssystem med tilhøyrande datablad skal leggjast fram i samband med byggesak for kvar ny hytte. Hytter som blir bygd utan innlagt vatn treng ikkje avlaupssystem. Overvatn Takvatn frå hytter kan gå rett til terreng for naturleg infiltrasjon.

Kart og tekstdel til VA-plan syner oversikt og god planlegging etter gjeldande føresegner. Sykkylven kommune kan godkjenne VA-plan for F 21 etter lokal forskrift om utslepp frå separate avløpsanlegg §§ 5 og 6.

Karl Johan Stadsnes
Miljø og landbruk